

MØTEPROTOKOLL

Læringsmiljøutvalet

Dato: 26.09.2017 kl. 10:30
Sted: Stord
Arkivsak: 17/10211

Tilstede: Tove Sandvoll Vee, Kristen Stæger-Breisnes, Arne Bygstad, Øivind Henne, Marianne Nesbjørg Tvedt, Hellen Dahl, Pia Oline Lilleskare Lunde, Camilla Tønsberg, Tom Lund-Andersen, Jan-Erik Kallevik Vatland, Linda Christine Bøhn, Are Bødal, Hege Råkil, Sindre Rødne Dueland

**Møtende
varamedlemmer:** Camilla Tønsberg for Sjur Herheim, Are Bødal for studentrepresentant i Førde som ikkje er valgt enno.

Forfall: Sjur Herheim, Einar Georg Johannessen (observatør)

Andre:

Protokollfører: Grethe Lønning Grimsbø

Møtet starta med ein presentasjonsrunde.

SAKSKART			Side
Vedtakssaker			
11/17	17/03218-22	Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av referat frå møte 22.05.2017	2
12/17	17/10241-1	Læringsmiljøutvalet ved HVL - rolle og mandat	3
13/17	17/04230-2	Utkast til handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021	4
14/17	17/04320-2	Innspel til kravspesifikasjon for felles Sei ifrå-system for HVL	5
15/17	17/05487-2	Oppnemning av arbeidsgruppe for utarbeiding av ruspolicy for Høgskulen på Vestlandet	6
16/17	17/10237-2	Oppfølging av LMU-sak 10/17 Opplæring i dataverktøy for førstesemesterstudentar	7
17/17		Ymse	8

Orienteringssaker			
1/17	17/03218-20	Oppsummering frå Studenthelsekonferansen 2017	9
2/17	17/06336-2	Orienteringssak til Læringsmiljøutvalet - rapport frå Studentombodet våren 2017	9

Sted, 26.09.2017

11/17 Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av referat frå møte 22.05.2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	26.09.2017	11/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Innkalling og saksliste vert godkjent.
Referat frå møte 22.05.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Det vart meldt ei sak til 17/17 Ymse: Organisering/gjennomføring av LMU-møtet 21. november.

Vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.
Referat frå møte 22.05.2017 vert godkjent.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

12/17 Læringsmiljøutvalet ved HVL - rolle og mandat

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	26.09.2017	12/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Vedtak vert utforma i møtet.

Møtebehandling

LMU drøfta saka, i lys av ny studietilsynsforskrift, UH-lova §4-3, og organisering av LMU ved andre institusjonar.

LMU ynskjer å vere eit organ som handsamar rammer og infrastruktur rundt studiene, til dømes det digitale som må vere av god kvalitet dersom utdanningar på tvers av campus skal få eit godt læringsmiljø. Ein må stille spørsmål ved kva som må til av rammer rundt studiene for at studentane skal oppnå læringsutbytte. Det er også ynskjeleg at LMU er høyringsinstans og/eller har ein representant inn i arbeidsgrupper ved byggeprosjekt og ombyggingsprosjekt.

LMU kan vere ein arena der ein deler erfaringar med tiltak som har betra læringsmiljøet ved dei ulike campus.

Det er ynskje om eit samarbeid med eit utdanningsutval når dette er på plass, slik at LMU og utdanningsutvalet saman kan utgjere eit lokalt organ for kvalitet i utdanningane (LOKUT). Det vil vere ein klar fordel om prorektor for utdanning er ein del av LMU, dette er også vanleg praksis ved andre institusjonar. Dersom LMU vert utvida med ein tilsett frå leiinga, skal også studentane velje ein ekstra representant inn i utvalet.

LMU meiner det er behov for lokale forum for læringsmiljø i nærregionane, og ynskjer ei organisering av slike der dei ikkje allereie er operative. Desse vil kunne fange opp det som rører seg på dei ulike studiestadene, og vil blant anna ha ansvar for å utarbeide lokale handlingsplanar for læringsmiljø med konkrete tiltakspunkt. Dei vil og kunne ha formøter før møtene i LMU ved HVL.

Vedtak

LMU ber om at dei lokale læringsmiljøkoordinatorane i nærregionane revitaliserer lokale forum for læringsmiljø, som kan handsame lokale saker som studentane er opptekne av, og melde større saker inn til LMU ved HVL.

Leiar og sekretær i LMU utformar ei henvending til rektor og ber om at prorektor for utdanning vert oppnemnt til medlem av LMU ved HVL, og at Studenttinget vel ein ekstra student inn i LMU.

Når råds- og utvalsstrukturen for HVL skal leggjast, ynskjer LMU å vere i tett samarbeid med eit utdanningsutval, slik at desse saman kan utgjere HVL sitt LOKUT (lokalt organ for kvalitet i utdanningane).

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

13/17 Utkast til handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	26.09.2017	13/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Læringsmiljøutvalet har gått gjennom utkast til HVL Handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021, og gir tilbakemeldingar til arbeidsgruppa med dei innspela til som kom fram i møtet.

Møtebehandling

Medlemmer frå arbeidsgruppa orienterte om utkast til handlingplan, og vurderingar som er gjort i arbeidet.

Innspel frå LMU:

- God inndeling av ulike kategoriar læringsmiljø.
- Dette er meir ein strategisk plan for læringsmiljø, enn ein handlingsplan. Konkrete handlingsplanar vil kome på campus- eller nærregionnivå.
- Planen bør starte med ein definisjon av kva læringsmiljø er.
- Fysisk læringsmiljø – her bør ein få inn at alle punkta i UH-lova §4-3 høyrer med, men at dei fire punkta som er spesifikt nemnt i planen er prioriterte.
- Psykososialt læringsmiljø – saknar konkretisering av det som har med læringsmiljøet utanfor klasserommet, men på institusjonen, å gjere.
- Strategisk plan for læringsmiljø må kunne reviderast etterkvart som HVL-organisasjonen vert utvikla.
- Pedagogisk og digitalt læringsmiljø bør delast opp.
- I kor stor grad skal LMU ha ansvar for det pedagogiske læringsmiljøet? Dette vil ligge til andre fora.
- Ansvar for tilrettelegging: dette er det studieadministrasjon og lærar som har ansvar for.
- Felles læringsplattform er under innfasing, og dette kan difor takast ut av planen.
- Begrep som er brukt i fusjonsplattforma kan gjerne finnast att i strategi for læringsmiljø.
- Det må klargjerast kven som skal vedta strategien – er det høgskolestyret eller rektor?

Vedtak

Læringsmiljøutvalet har gått gjennom utkast til HVL Handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021, og gir tilbakemeldingar til arbeidsgruppa med dei innspela til som kom fram i møtet.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

14/17 Innspel til kravspesifikasjon for felles Sei ifrå-system for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	26.09.2017	14/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Innspel frå LMU til kravspesifikasjon for felles Sei ifrå-system for HVL vert drøfta og formulert i møtet.

Møtebehandling

LMU diskuterte saka, og hadde følgjande innspel:

- Eit Sei ifrå-system må kunne brukast på mobiltelefon og andre mobile einingar.
- Viktig med mulighet for å melde frå om kva for ein campus saka gjeld.
- Den som sender melding anonymt – skal den kunne følgje saka si?
- Skal den som sender meldinga sjølv vurdere haste-nivå på saka? Saker kan haste, sjølv om dei ikkje kjem under kategorien «raudt nivå».
- Det er viktig at arkiv/dokumentsenter vert representert i gruppa som skal arbeide med felles Sei ifrå-system for HVL. Ny lov om personvern 1. mai 2018 må ivaretakast i systemet.
- Kven skal eige saka? LMU føreslår at strategisk leiargruppe eig saka.
- Det må takast ein vurdering på om systemet skal gjelde for både tilsette og studentar i heile HVL. Det kan evt vere ein inngangsport til systemet, men ulike meldingsmottakarar i andre enden.
- Raudt nivå/varsling bør vere skilt ut frå det andre.
- Systemet må vere enkelt å finne, og enkelt å bruke. Må også vere lenka til frå Canvas.

Vedtak

Innspel frå LMU vert tekne med inn i arbeidsgruppe som skal arbeide med val av system for Sei ifrå ved HVL.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

15/17 Oppnemning av arbeidsgruppe for utarbeiding av ruspolicy for Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	26.09.2017	15/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som blir bedt om å utarbeide ruspolicy for HVL.

Arbeidsgruppa består av:

Arne Bygstad, nærregion Bergen

Anne-Grethe Naustdal, nærregion Sogn og Fjordane

Terje Eriksen, nærregion Stord/Haugesund

Tre studentar

Representant frå Sammen

Arbeidsgruppa rapporterer på status til LMU-møtet 21.11.2017, og ruspolicy for HVL skal vere ferdigstilt innan LMU sitt møte 06.02.2018.

Sekretær for LMU vil vere sekretær for arbeidsgruppa.

Møtebehandling

Tilsette i arbeidsgruppa var førespurt på førehand, og studentar til arbeidsgruppa vart valt i møtet. Arbeidsgruppa startar arbeidet i haust.

Vedtak

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som blir bedt om å utarbeide ruspolicy for HVL.

Arbeidsgruppa består av:

Arne Bygstad, nærregion Bergen

Anne-Grethe Naustdal, nærregion Sogn og Fjordane

Terje Eriksen, nærregion Stord/Haugesund

Pia Lilleskare Lunde, student nærregion Bergen

Are Bødal, student nærregion Sogn og Fjordane

Jan-Erik Vatland, student nærregion Stord/Haugesund

Ingvill Skjold-Thorkildsen, Sammen

Arbeidsgruppa rapporterer på status til LMU-møtet 21.11.2017, og ruspolicy for HVL skal vere ferdigstilt innan LMU sitt møte 06.02.2018.

Sekretær for LMU vil vere sekretær for arbeidsgruppa.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

16/17 Oppfølging av LMU-sak 10/17 Opplæring i dataverktøy for førstesemesterstudentar

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalet	26.09.2017	16/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Vedtak om vidare oppfølging vert utforma i møtet.

Møtebehandling

Stord/Haugesund og Bergen hadde ikkje meldt tilbake kva dei tilbyr sine førstesemesterstudentar.

Sogndal og Førde har begge ein presentasjon for nye studentar. I tillegg har Kristen Stæger-Breisnes laga små filmsnuttar med opplæring i grunnleggande word og ulike nyttige funksjonar i word. Desse ligg ute på youtube [her](#).

Mange studentar har behov for opplæring i dataverktøy, for å kunne bli meir effektive i arbeidet sitt. LMU diskuterte om det kan lagast ei opplæringspakke som alle studentar må gjennom før dei får tilgang til systema ved HVL. For nokre studentar vil opplæringsverkstad saman med andre, til dømes i regi av biblioteket, gi større utbytte. Ein mulighet er óg å legge til rette for at IT-personale kan fjernstyre studenten sin PC når det er behov for det. For å finne ut om det er ønskje om dette, kan Studenttinget be studentråda om å ta det opp med sine medlemmer/dei tillitsvalde i klassane.

Vedtak

LMU ber Tom Lund-Andersen følgje opp saka inn mot Studenttinget, for å få kartlagt behov/ønske om fjernstyring av student-PC og anna støtte/opplæring i dataverktøy.

LMU oppmodar Kristen Stæger-Breisnes om å vidareutvikle videobasert IT-opplæring, og legge til rette for at desse opplæringsfilmane kan nyttast av studentar i heile HVL.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

17/17 Ymse

Behandlet av Læringsmiljøutvalet	Møtedato 26.09.2017	Saknr
-------------------------------------	------------------------	-------

Møtebehandling

LMU diskuterte korleis ein best kan gjennomføre møtet 21. november, der ein ikkje skal møtast fysisk.

Vedtak

LMU-møtet 21. november vert tilrettelagt som eit skype-møte, der deltakarane sit samla på kvar av dei fem campus. Dette krev at alle er godt førebudde, og evt har gjennomført formøter.

Sekretær sørgjer for bestilling av rom, og at ein person ved kvar campus møter i god tid for å teste ut i forkant at alt virkar som det skal.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

<u>Saknr</u>	<u>Arkivsak</u>	<u>Tittel</u>
1/17	17/03218-20	Oppsummering frå Studenthelsekonferansen 2017 Informasjon om studentane sin helse- og trivslesundersøking (ShoT 2018). Folkehelseinstituttet kjører undersøkinga, som vert sendt ut til alle studentar i Norge og norske studentar i utlandet i februar 2018. Det bør leggst til rette for at studentane får svart på undersøkinga, slik at ein kan oppnå så høg svarprosent som mulig.
2/17	17/06336-2	Orienteringssak til Læringsmiljøutvalet - rapport frå Studentombodet våren 2017 Studentombodet orienterte og svara på spørsmål. Neste rapport kjem etter jul.